



**Godtgjersle  
til folkevalde og politiske parti i  
Fjaler kommune**

---

---

Vedteke i kommunestyret 27.04.2023 (Kom-sak 037/23)

Forskrift med heimel i Lov om kommunar og fylkeskommunar kap. 8

## **Endringslogg**

Justering av godtgjersle til leiar av kontrollutvalet – pkt. § 5 fast godtgjersle / utval og nemnder – vedteke av kommunestyre 28.09.23 (KOM-sak 072/23)

### *§ 1 Rettar og plikter*

Formålet med forskrifta er å sikra folkevalde godtgjersle og utgiftsdekning i samband med sine kommunale tillitsverv. Medlemer av eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ pliktar å delta i organet sine møter, dersom ein ikkje har lovleg forfall, kommunelova § 8-1.

Arbeidstakar har rett på fri frå sitt arbeid når det er naudsynt for å oppretthalde møteplikta i folkevald organ. Arbeidstakar har også rett på permisjon frå arbeidet sitt i fire år, eller for resten av perioden, dersom ein har kommunalt eller fylkeskommunalt verv på heiltid, kommunelova § 8-2.

### *Kommunale møte*

Kommunestyret og komitéane skal så langt råd er ha ein fast møtedag. Det skal utarbeidast møteplan for kvart år. Fylgjande råd og utval skal vera med i planen:

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Administrasjonsutval
- Råd for eldre
- Råd for personar med funksjonsnedsetting
- Ungdomsråd
- Kontrollutval.

Komiteane har møte før kommunestyre.

Møteplan vert vedteken i kommunestyre i desember.

Dersom det er lita saksmengd, kan tillyst møte avlysast. Ved behov kan det òg bli sett opp ekstramøte gjennom året.

### *Opplæring av folkevalde*

- I byrjinga av kvar valperiode blir det arrangert folkevaldopplæring. Opplæringa skal m.a. omhandla rolla som folkevald og rammer for politisk arbeid.
- Opplæringa er obligatorisk og deltakarane får refusjon for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglar

Forskrifta skal sikre at politisk valde skal ha tid og høve til å førebu seg til møte, setje seg inn i kommunale oppgåver, og ikkje minst vere til stades på møte utan at dette skal gå ut over tilhøvet til arbeidsgjevar og sjølvstendig næringsverksemd.

## *§ 2. Lovgrunnlag*

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kapittel 8, Rettar og plikter for folkevalde, skal kommunestyret sjølv gje forskrift som omfattar:

- Dekking av utgifter og økonomiske tap, kommunelova § 8-3
- Arbeidsgodtgjersle, kommunelova § 8-4
- Godtgjersle ved frikjøp, kommunelova § 8-5
- Ettergodtgjersle, kommunelova § 8-6
- Permisjonar, kommunelova § 8-10.

## *§ 3. Ansvar og mynde*

Medlemer av eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ pliktar å delta i organet sine møter, dersom ein ikkje har lovleg forfall, kommunelova § 8-1. Forfall skal meldast til politisk sekretariat som kallar inn vararepresentant.

Ansvar for attesting og tilvising av godtgjersle og utgiftsdekning i høve denne forskrifta vert lagt til kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren delegerer dette til.

## *§ 4. Dekking av utgifter og økonomisk tap, kommunelova § 8-3*

Dekning av tapt arbeidsforteneste

- Folkevalde som får tap i arbeidsinntekt på grunn av kommunale verv, får dekkja dette tapet på grunnlag av dokumentasjon frå arbeidsgjevar.
- Dersom den folkevalde og arbeidsgjevar godtek det, kan refusjonen gjerast opp direkte med arbeidsgjevar. Arbeidsgjevar sender då refusjonskrav kvar månad, kvartalsvis eller seinast innan 30. november kvart år.
- Folkevalde som har ulegitimert tap i arbeidsforteneste får dekkja dette tapet med kr 180 pr time.

Kompensasjon vert berre gjeve for møte/oppdrag i tidsrommet 08.00–16.00 og 1 møtedag = 7,5 timar.

- Folkevalde som beheld løn frå arbeidsgjevar for å ivareta kommunale verv, får ikkje dekka tapt arbeidsforteneste
- Krav om vederlag for tapt arbeidsforteneste må sendast til kommunen månadleg, eller kvartalsvis, men seinast innan 30. november. Kravet vert utbetalt ved fyrste ordinære lønsutbetaling i kommunen.

#### *Skys og kostgodtgjersle, kommunelova § 8-3*

- Folkevalde som nyttar eigen bil i samband med kommunale møte og oppdrag får dekka reiseutgiftene i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ. Reisene må vera best mogleg samordna.
- Folkevalde som representerer kommunen på kurs, møte o.l., får kostgodtgjersle og dekka reise og opphaldsutgifter i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ. Likeins legitimert tapt arbeidsforteneste.
- Krav om skyssgodtgjersle mv. skal sendast elektronisk til kommunen månadleg eller kvartalsvis, men seinast innan 30. november kvart år.

#### *Telefongodtgjersle*

Kommunen held fri mobiltelefon for ordførar.

#### *§5. Arbeidsgodtgjersle, kommunelova § 8-4*

##### *Ordførar*

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 85 % av godtgjersla til stortingsrepresentantane.

Ordførargodtgjersla skal justerast pr. 1. mai årleg.

Ordførar skal etter gjeldande reglar vere medlem i tenestepensjonsordninga for politikarane.

Styreverv: Dersom ordførar med bakgrunn i sitt verv som ordførar har styreverv eller andre politiske verv som i godtgjersle utgjer til saman meir enn brutto kr 150 000,- i året, vert det overskytande trekt frå ordførargodtgjersla.

##### *Varaordførar*

Varaordføraren si godtgjersle vert sett til 7,5% av godtgjersla til ordføraren. Varaordføraren si godtgjersle skal dekka vanlege varaordføraroppdrag og kortare vikaroppdrag for ordføraren.

Varaordførar får ikkje møtegodtgjersle som formannskapsmedlem.

Dersom varaordførar fungerer som ordførar utover normalt fråvær, ferie og liknande, skal varaordførar ha godtgjersle som ordførar. Eit vilkår er at varaordførar då har ordføraren sine gjeremål fullt ut og er fungerande ordførar med denne sine fullmakter m.m.

### *Fast godtgjersle*

#### *Kommunestyre*

Medlemene i kommunestyret får ei fast godtgjersle på 0,75% av ordførar si godtgjersle

#### *Formannskap*

Medlemene får ei fast godtgjersle på 1,25 % av ordføraren si godtgjersle.

Godtgjersla dekker også i dei tilfelle der formannskapet er personidentisk med andre utval (administrasjonsutval, valstyre, klagenemnd )

#### *Utval og nemnder*

Leiar i kontrollutval, administrasjonsutval får ei fast godtgjersle på 1 % av ordførar si godtgjersle.

Leiar for råd for eldre og Råd for personar med funksjonsnedsettelse får ei fast godtgjersle på 0,75% av ordførar si godtgjersle.

Kommunestyret sin representant i soknerådet, leiar av ungdomsrådet, leiar i sakkunnig nemnd eigedomsskatt, leiar i klagenemnd i eigedomsskattesaker og andre tilsvarande råd, nemnder og utval får ei fast godtgjersle på 0,50 % av ordføraren si godtgjersle.

Tapt arbeidsforteneste, utgiftsdekning og møtegodtgjersle for deltaking i konferansar og anna der kommunen ikkje fører møtebok, vert betalt etter rekning.

### *§ 6. Rett til sjukepengar, yrkesskade og permisjon*

Ordførar som har vervet som si hovudstilling har same rettar til sjukepengar som tilsette i kommunen, ytingar i samband med yrkesskade og permisjon, jamfør kommunelova § 8-8, § 8-9 og § 8-10.

«Det skal ytast sjukepengar til ordførar og varaordførar, som mottek godtgjering i arbeidsgjevarperioden, dei fyrste 16 dagane. I tillegg dekkjer Fjaler kommune mellomlegget av dokumenterte sjukepengar frå NAV og den godtgjering ein har i sitt verv i inntil 50 veker. Ein dekker likevel ikkje mellomlegget av dokumenterte sjukepengar frå NAV og den godtgjeringa ein har i sitt verv ut over 100 % stilling (dette inkluderer stillingar hjå andre arbeidsgjevarar). Sjukepengar vert ikkje utbetalt utover den perioden ordførar og varaordførar mottek godtgjering for.

Sjukefråvær utover 8 dagar skal legitimerast med sjukmelding. Fråvær inntil 8 dagar kan dokumenterast med eigenmelding. Eigenmelding kan nyttast i 24 kalenderdagar i løpet av 12 månader (jf. gjeldande IA-avtale).»

### *§ 7. Ettergodtgjersle, kommunelova § 8-6*

Folkevald som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av berekningsgrunnlaget og som ikkje vert attvald, som fråtrer vervet eller som får vervet redusert, kan søke om å få ettergodtgjersle slik:

- a) Folkevald som ikkje har arbeid å få til får ettergodtgjersle i tre månader.
- b) Folkevald som har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i ein og ein halv månad.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkomande hadde, ev. differansen mellom denne og ny godtgjersle

Retten til ettergodtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde friviljug avstår frå.

Ein vil ikkje motta andre ytingar (t.d. møtegodtgjersle) i perioden ein får ettergodtgjersle for hovudstilling.

Pensjonsinntekter etter folketrygdlova kapittel 19 og kapittel 20 skal ikkje reknast som inntekt etter andre ledd.

### *§ 8. Tilrettelegging for partipolitisk verksemd*

#### *Tilskot til partigruppene i kommunestyret*

Det vert kvart år i budsjettet avsett ein sum til tilskot til politiske parti. Summen vert delt på avgitt stemmer ved kommunevalet og ganga opp med det tal stemmer kvart parti får.

#### *Gruppeleiarar*

Gruppeleiarar i politiske parti som er representert i kommunestyret får ei fast årleg godtgjersle.

Godtgjersla vert sett til 0,75 % av ordføraren si godtgjersle.

Dei politiske partia har ansvaret for å melde frå til administrasjonen kven som er gruppeleiarar.